

ANSVARSGRUPPER

Ein metode for å tryggja tverretatleg
samarbeid
og langsiktig planlegging?

Dei føresette sine opplevingar og erfaringar frå
deltaking i ansvarsgrupper i Voss kommune.

Karen Havnen

Oddmar Iversen

Bergen, november 1996.



Barnevernets Utviklingssenter på Vestlandet
Christiesgt. 13, 5015 Bergen. Tlf.: 55-583268

Innhald

Innleiing	3
Erfaringar med ansvarsgrupper	3
Ansvarsgrupper i Voss kommune	5
Problemstillingar	6
Metode	7
Resultat	8
Om deltaking, funksjonar og rollar i ansvarsgruppa	9
Barnas alder i dag og ved oppstart av gruppa	9
Ansvarsgruppene sin "varighet" og dei føresette si deltaking	10
Dei ulike etatane sine rollar i ansvarsgruppene	10
Dei føresette sine vurderingar av etatane si deltaking og rollar	12
Deltakarane sin stabilitet i ansvarsgruppene	14
Om vanskar, behov og tiltak	16
Bakgrunn for oppretting av ansvarsgrupper	16
Barna sine vanskar	17
Behov for tiltak og tildeling av tiltak	19
Dei føresette sine vurderingar av dei tildelte tiltaka	20
Barna sine vanskar i dag	21
Dei føresette sine opplevingar og vurderingar	22
Dei føresette sin innverknad i ansvarsgruppa	22
Dei føresette sine opplevingar i ansvarsgruppa	23
Dei føresette sine vurderingar av måloppnåing	23
Om nytteverdien av ansvarsgruppene	25
Dei føresette sin situasjon i dag m.o.t. barnet sine vanskar	25
Har ansvarsgruppa vore til hjelp for dei føresette ?	25
Vil dei føresette rå andre føresette til å nytta seg av ansvars- gruppe i ein liknande situasjon ?	26
Oppsummering av hovudresultata	27
Erfaringane frå Voss kommune i eit større perspektiv	31
Retningslinjer som styringsreiskap for målretta samarbeid	31
Ansvarsgrupper for kven ?	31
Referansar	33
VEDLEGG	34

Innleiing

Barnevernets Utviklingssenter på Vestlandet gjennomførte våren 1996 ei brukarundersøking vedrørande dei føresette sine vurderingar og opplevingar av kommunen sine ansvarsgrupper for barn og familiar som treng særskild hjelp. Undersøkinga er ein del av ei meir omfattande evaluering av kommunen sine retningsliner for ansvarsgruppearbeid.

Undersøkinga kom istand etter initiativ frå dei etatane som gjennom mange år har vore fast representerte i dei ulike ansvarsgruppene. Desse etatane er PPT, skulekontoret, helse- og sosialkontoret og helsestasjonen. Representantar frå desse etatane har sjølve hatt storparten av arbeidet med å utforma spørsmål til brukarane/dei føresette, medan Barnevernets Utviklingssenter har hatt rettleiingsansvar og ansvar for databearbeiding og analyse av det innkomne materialet. Hovudresultata frå undersøkinga er lagt fram for dei ulike etatane og representantar for dei føresette på eit seminar i juni -96.

Den føreliggjande rapporten har som føremål å presentera dei viktigaste resultatata frå brukarundersøkinga. I tillegg vil rapporten gi informasjon om utfordringane i ansvarsgruppearbeid generelt, og i forhold til barn med særlege behov eller funksjonshemmingar spesielt.

Erfaringar med ansvarsgrupper

Ansvarsgruppearbeid er ei av fleire former for tverretatleg samarbeid omkring barn og unge med samansette vanskar og behov. Ansvarsgruppe som metode vart først utprøvd i det såkalla "Buskerudprosjektet" 1980-84 (Lillengen og Waal 1985). Målsetjinga for dette prosjektet var å prøva ut nye tiltak for ungdom med åtferdsvanskar. Frå NOU 1985:3, s.74 kan vi sitera følgjande om bakgrunnen for utprøving av ansvarsgrupper: "Her er det altså sammensatte problemer samtidig som ressursene er oppspaltet i ulike etater i kommunene og i fylkeskommunene. Det vi er ute etter er altså en modell hvor grunnskolen, barnevernet og helsetjenesten kan samordne sine økonomiske og faglige ressurser og få samlet hjelp fra en fylkeskommunal enhet".

Instrumenta for samordning på kommuneplanet var i første rekke ansvarsgrupper når problemet var knytta til einskildungdommar, og tverretatlege samarbeidsprosjekt når det galdt arbeid med grupper av ungdommar. I tillegg til å koordinera den tverretatlege innsatsen skulle det også leggjast vekt på at foreldre og eventuelt ungdommen skulle vera deltakarar i ansvarsgruppene.

Ogden og Veselka (1990) har med bakgrunn i NOU 1985:3 definert ansvarsgrupper

slik: "Ansvarsgrupper består av enkeltpersoner som har et forpliktende delansvar og som samles om en felles handlingsplan (strategi). Det dreier seg om en ad-hoc oppnevnt gruppe som følger opp over tid, koordinerer innsatsene og skaper kontinuerlig og bredspektret innsats."

Bruk av ansvarsgrupper som metode for forpliktende samarbeid har dei seinare åra blitt meir og meir vanleg, særleg innan barnevernet og i saker som involverer fleire forvaltningsnivå. T.d. ved plassering av barn i institusjon eller i fosterheim/ beredskapsheim så er det i dag gjerne avtalefesta mellom kommune og fylkeskommune at det skal opprettast ansvarsgruppe for barnet der helse-og sosialkontoret, det fylkeskommunale barnevernet, fosterheim/institusjon og føresette er deltakarar. Dette trass i at ansvarsgrupper ikkje er eit lovheimla tiltak.

Ansvarsgrupper blir også ofte oppretta overfor barn med alvorlege funksjonshemmingar, og Sandbæk (1992) omtalar ansvarsgrupper som vart oppretta rundt mødre i prosjekt "Forebyggende barnevern". Ansvarsgrupper for vaksne finn vi også sporadisk innan psykiatrien og innan rusomsorgen. Vanlegvis er det derimot tale om "samarbeidsgrupper" og ikkje ansvarsgrupper, sjølv om det kan sjå ut som dei fungerer på same måte.

Sjølv om metoden "ansvarsgruppearbeid" etterkvart har blitt teken i bruk overfor ulike målgrupper og med ulik form og innhald, så er det førebels lite dokumentasjon og skriftleg materiale der ansvarsgrupper er hovudtema. M.Godeseth har skrivt eit temahefte om ansvarsgrupper (BVU:1992), og vidareført arbeidet i eit kapittel i boka "Metodisk barnevernsarbeid" (Bunkholdt og Larsen 1995). Godeseth skriv bl.a. om viktige organisatoriske og innhaldsmessige føresetnader for at ei ansvarsgruppe skal fungera godt. Dei praktiske eksempla er for det meste henta frå arbeid med ungdom med store emosjonelle og sosiale vanskar i "Prosjekt barnevern/skole"i Oppland fylke (Ogden og Veselka 1990).

Nygren og Karlsen (1995) har utvikla ein modell for ansvarsgruppejobbing ved Frydenberg Barnevernsenter i Oslo, der ein har lagt særleg vekt på samarbeid med dei føresette. Hovudprinsippa for modellen er gjort greie for i boka "Profesjonelt barnevern som barneomsorg".

Når det gjeld å systematisera erfaringar frå ansvarsgruppearbeid som ikkje er relatert til eit eller anna tidsavgrensa prosjekt så er brukarundersøkinga i Voss kommune førebels eit heller eineståande eksempel.

Ansvarsgrupper i Voss kommune

Voss kommune starta opp med organisert "ansvarsgruppejobbing" allereie midt på 1980-talet, og det har fram til undersøkingstidspunktet vore oppretta meir enn 50 ansvarsgrupper for barn og unge med særlege behov. Den første tida var det representantar frå skulekontoret, PPT, ungdomsskulen, helseavdelinga, sosialavdelinga og utekontakten som hadde faste tverretatlege samarbeidsmøte omlag 1 gong i månaden. Desse gruppene var klart inspirert av det før omtala "Buskerudprosjektet", og fokus for samarbeidet var i første rekke ungdom med åtferdsvanskar som var knytta til ungdomsskulmiljøet i bygda (Helgeland, 1989).

Dette samarbeidsforumet eigna seg bra til generelle drøftingar av ungdomsproblem, men det var lite eigna i forhold til samarbeid i einskildsaker. På denne bakgrunn vart det oppretta eigne ansvarsgrupper som skulle arbeida med einskildsaker, og som skulle leggja vekt på samarbeid med foreldre og ungdommar, medan den opphavlege samarbeidsgruppa skulle halda fram å arbeida i forhold til meir generelle problemstillingar.

Etter at ansvarsgrupper for einskildbarn og ungdommar hadde vore prøvd ut nokre år erfarte ein at det var vanskeleg å få til eit forpliktande samarbeid mellom dei ulike etatane. Det var også mykje diskusjon om kva etatar som skulle delta, når og i forhold til kven skulle det opprettast ansvarsgrupper. Resultatet av desse drøftingane var at primo 1989 la samarbeidsgruppa fram forslag til retningsliner for tverretatleg samarbeid omkring einskildbarn. Målgruppe for ansvarsgruppene skulle vera : Barn og unge med alvorlege utviklingsproblem. Retningslinene vart lagt fram for dei ulike etatane for godkjenning, slik at samarbeidet skulle vera forpliktande.

Dei vedtekne retningslinene for ansvarsgruppearbeid har med jamne mellomrom vore gjenstand for vurderingar og justeringar. Hausten 1991 vart målgruppe for oppretting av ansvarsgrupper endra til: Barn med funksjonshemmingar. Dei reviderte retningslinene vart godkjente av dei ulike etatane våren 1992, og dei er f.t. under ny gjennomgang. Kva den siste endringa av målgruppe har medført i praksis er vanskeleg å sei, for i daglegtale så er det nesten aldri tale om "barn med funksjonshemmingar", men heller "barn med særlege behov". I førespurdnaden til BVU er målgruppa referert til som "barn og familiar som treng særskild hjelp".

Det framgår av dei ulike namneendringane og revisjonane av retningslinene at det er mange synspunkt på korleis ansvarsgrupper skal drivast og kva målgrupper som skal vera i fokus. Utanom desse ansvarsgruppene som er oppretta itråd med dei vedtekne retningslinene, så er dei ulike etatane også med i andre ansvarsgrupper og samarbeidsgrupper omkring einskildbarn med særlege behov, spesielt innan barnevernet. Ansvarsgruppe som metode for tverretatleg samarbeid synest på denne

bakgrunn å romma mange spørsmål og utfordringar. Den føreliggjande undersøkinga kan kanskje gi svar på nokre.

Problemstillingar

Førespurdnaden som BVU fekk ifrå dei samarbeidande etatane i Voss kommune galdt assistanse til å utforma og eventuelt gjennomføra ei brukarundersøking blant føresette til barn som det har vore oppretta ansvarsgrupper rundt. Dei samarbeidande etatane ønskte å evaluera ansvarsgrupper som arbeidsform, og ville som utgangspunkt gjerne ha ei tilbakemelding frå dei føresette. På eit seinare tidspunkt ville dei eventuelt gjennomføra ei evaluering blant dei ulike fagpersonane som har delteke.

I arbeidet med å utforma spørjeskjemaet tok ein utgangspunkt i dei gjeldande retningslinene for oppretting av ansvarsgrupper og dei målsetjingar og arbeidsmåtar som er skisserte der. Vi kan sitera følgjande punkt vedrørande føremål og ansvarsområde for ansvarsgruppene:

Føremål:

Ansvarsgruppa skal sikra tverrfagleg samarbeid og langsiktig planlegging for det einskilde barn.

Ansvarsområde:

Ansvarsgruppa skal ha oversikt over:

- * barnet sin totalsituasjon
- * kortsiktig og langsiktig planlegging

Ansvarsgruppa skal:

- * vera føresette si støtte
- * avdekka ressursbehov
- * koma med framlegg om tiltak og syta for at naudsynte søknader vert sendt til rette etat
- * formulera målsetjing for tiltaka
- * evaluera tiltaka
- * fordela arbeidsoppgåver

I tillegg hadde representantane frå dei ulike etatane spørsmål som dei var særleg opptekne av utifrå sine erfaringar med ansvarsgruppejobbing. Dette galdt både form

og innhald i ansvarsgruppene, og det galdt relasjonar mellom gruppemedlemmene, og spesielt mellom fagpersonane og dei føresette. Det var også spørsmål knytta til dei føresette sine opplevingar av å delta på ansvarsgruppemøta.

Eit hovudspørsmål som arbeidsgruppa stilte seg galdt nytteverdien av ansvarsgruppene. Får dei føresette den hjelp dei treng? Blir dei høyrte? Greier ein å nå dei målsetjingane som ansvarsgruppene skal arbeida i forhold til? Eit anna viktig spørsmål galdt dei ulike etatane si deltaking i ansvarsgruppene. Er gruppene for store? Er det nødvendig at så mange etatar og personar deltek?

I spørjeskjemaet vart dei ovannemnde tema og spørsmål "innbakt" i følgjande hovudtema:

1. OM DELTAKING , FUNKSJONAR OG ROLLAR I ANSVARSGRUPPA
2. OM VANSKAR, BEHOV OG TILTAK
3. DEI FØRESETTE SINE OPPLEVINGAR OG VURDERINGAR
4. OM NYTTEVERDIEN AV ANSVARSGRUPPER

Metode

Undersøkinga er ei anonym spørjeskjemaundersøking. Skjemaet vart sendt ut til føresette i alle ansvarsgruppene som hadde arbeidd etter retningslinene frå 1992, og som hadde vore med på minst 2 ansvarsgruppemøte. Dei fleste av gruppene var enno aktive, medan nokre få var avslutta. Ialt 33 skjema vart sendt ut.

Iogmed at dette er ansvarsgrupper spesielt retta mot barn med særlege behov eller funksjonshemmingar, og at undersøkinga blir gjort i ein mindre kommune, så var det særleg viktig å ivareta anonymiteten i kvar einskild sak. Av denne grunn vart det ikkje stilt spørsmål om kjønn eller nøyaktig fødselsdato hos barna, og kategoriane som galdt barnet sine vanskar vart formulert i generelle vendingar.

BVU utforma det endelege spørjeskjemaet. PPT på Voss som har oversyn over alle ansvarsgruppene i kommunen, hadde ansvar for utarbeiding av informasjonsskriv til dei føresette, og for utsending av spørjeskjemaet. Dei hadde også ansvar for utsending av purrebrev eit par veker seinare. Alle svarskjema vart sendt direkte til BVU, som har hatt ansvar for dataanalyse og rapportering. Datamaterialet er bearbeida i SPSS for Windows, og resultatata blir i hovudsak presentert i form av frekvenstabellar.

Svarprosent

Vi mottok ialt 23 av 33 spørjeskjema, dvs. ein svarprosent på ca. 70%. Dette er ganske bra, samstundes som ein kan alltid spekulera på kva dei 10 familiane som ikkje svara har tenkt. Vi veit ikkje kven dei 10 familiane er, fordi purrebrev vart sendt til alle 33, og undersøkinga er så anonym som det let seg gjera. Dei ulike etatane har nok likevel gjort seg tankar om kven som ikkje har svara utifrå gjennomgang av svara på einskilte spørsmål. Bl.a. så har det vore nemnt at eit par barnevernssaker truleg ikkje er med i utvalet, og det har vore nemnt at det kan vera saker som det har vore samarbeidsproblem i som ikkje er komne med.

Dei 23 svarskjema som vi har motteke er jamntover fullstendig og eintydig utfylte, noko som tyder på at spørsmåla som vart stilt har vore relevante og forståelege. Med dei nemnte atterhalda bør det vera grunn til å festa lit til undersøkinga og at den gir ein god peikepinn på kva dei føresette meiner om ansvarsgruppearbeidet i Voss kommune.

Resultat

Resultata vil bli presentert fortløpande i forhold til dei 4 hovudtema som er skissert tidlegare. Dei viktigaste tabellane er tekne inn i teksten, medan ein fullstendig tabelloversikt er å finna som vedlegg . Resultata blir kommentert og drøfta undervegs, medan ei oppsummering av hovudresultata er på finna i siste del av rapporten. Resultata er allereie lagt fram på møte med dei ulike etatane i Voss kommune, og synspunkt frå dette møtet er i nokon grad "innbakt" i rapporten.

OM DELTAKING, FUNKSJONAR OG ROLLAR I ANSVARSGRUPPA

Under dette hovudtemaet har vi samla resultata frå spørsmål som galdt barnas alder, kor mange møte har det vore i ansvarsgruppa, kven tok initiativ til å starta gruppa, kva etatar har delteke på møta, har det vore mange utskiftingar i gruppa, kven har vore koordinator, kva etat vurderer dei føresette som viktigast osv. Resultata blir presentert i omlag same rekkefølge som nemnt.

Barnas alder i dag og ved oppstart av ansvarsgruppa

Tabell nr. 1: Barnas alder i dag.

Alder (n=23)	tal barn
< 4 år	0
4-6 år	2
7-9 år	9
10-12 år	5
13-15 år	2
16-18 år	5

Tabell 1 syner aldersfordelinga over barna i utvalet på undersøkingstidspunktet. Vi ser at det er nesten ingen førskolebarn (2), det er 14 barn mellom 7-12 år, og det er 5 barn mellom 17 og 18 år. Vi har opplysningar om at det er nokre førskolebarn blant dei nyoppretta gruppene som ikkje er med i utvalet vårt. Det kan også vera førskolebarn blant dei 10 som ikkje har svara.

Vi kontrollerte barna i utvalet sin alder i dag med barnas alder ved oppstart av ansvarsgruppene. Då fekk vi eit meir nyansert bilete enn i den forrige oversikten. Heile 13 av barna i utvalet var under førskolealder då ansvarsgruppa vart oppretta, og 10 av barna var i alderen 7-16 år. Eit spørsmål vi stiller oss utifrå desse opplysningane er om det blir oppretta færre ansvarsgrupper for førskolebarn i dag enn tidlegare, og isåfall kva er grunnen til dette.

Ei forklaring på ein slik situasjon kan sjølvsagt vera at vanskane som krev tverretatleg innsats gjerne aukar med barnets alder, og at det derfor er større behov for ansvarsgrupper for skulebarn enn for yngre barn. Ein slik tankegang finn vi støtte i hos Backe-Hansen (1995) som har funne at "bruk" og "flerbruk" av tenester frå

hjelpeapparatet aukar med alderen. Ei anna forklaring kan vera at det er liten kapasitet til å oppretta nye ansvarsgrupper for førskolebarn pga. at det allereie blir brukt mykje ressursar på dei eksisterande gruppene. Vi kan ikkje gi noko endeleg svar på spørsmålet, men det kan vera ei viktig problemstilling i forhold til diskusjon om målgrupper og "varighet" for ansvarsgruppene.

Ansvarsgruppene sin "varighet" og dei føresette si deltaking

Dei føresette vart spurde om ca. kor mange møte det hadde vore i ansvarsgruppene, og om dei som føresette hadde delteke på desse møta. Heile 10 føresette svara at det hadde vore meir enn 8 møte i gruppa, 6 føresette svara at det hadde vore mellom 5-7 møte og 7 føresette svara at det hadde vore 2-4 møte. I retningslinene for ansvarsgruppene står det at det skal vanlegvis vera 2 møte pr. år i ansvarsgruppene. På dette grunnlag har vi rekna ut at 10 grupper har vart i 4-5 år, 6 grupper har vart i 2-4 år og 7 grupper har vart i 1-2 år.

Vi får her stadfesta inntrykket av at ansvarsgrupper er eit tiltak som varer lenge. Som nemnt ovanfor så kan dette gjenspegla behovet, og at mange barn som får oppretta ansvarsgrupper har kroniske vanskar og treng oppfølging over lang tid. Det synest å vera itråd med målsetjingane der det står at ansvarsgruppene skal tryggja langsiktig planlegging.

Av dei 23 ansvarsgruppene i utvalet er 19 grupper framleis i drift, og 4 er avslutta av ulike grunnar. 2 av gruppene er avslutta fordi barna er døde, 1 gruppe er avslutta pga. barnets alder. Berre 1 gruppe er avslutta fordi det ikkje lenger var behov for gruppa. Dette fortel også at ansvarsgrupper for denne målgruppa har langsiktige perspektiv.

I heile 22 av dei 23 gruppene i utvalet har dei føresette alltid delteke på ansvarsgruppemøta. Dette kan vera ein peikepinn på at det er ressurssterke føresette vi har med å gjera, som har krefter til å stilla opp i ulike samanhengar for barna sine. Det kan også vera uttrykk for eit godt og ivaretakande klima i ansvarsgruppene, og eit målretta foreldrearbeid (Nygren og Karlsen, 1995). Om dei 10 manglande svara ville ha nyansert biletet veit vi ikkje, men hovudintrykket ville likevel stå fast .

Dei ulike etatane sine rollar i ansvarsgruppene

Vi skal under dette punktet sjå kva etatar som har teke initiativ til å oppretta ansvarsgrupper, kva etatar som har delteke på møta og kva etatar som har hatt koordineringsansvar for gruppene. Vi har samla data frå desse spørsmåla i ein felles tabell nedanfor.

Tabell nr.2: Dei ulike etatane sin rolle i forhold til å oppretta, delta i og koordinera ansvarsgrupper

ETAT	tal initiativ til å oppretta ansv.grp.	tal grupper delteke i (n=23)	tal grupper koordinator i (n=23)
PPT	14	22	12
Skulekontor	3	21	0
Barnehage/skule	3	22	2
Barneverntenesta.	1	6	0
Helsestasjonen	8	22	5
Sosialtenesta	1	14	1
Andre	* 7	8	2

* "andre" i denne kolonnen tyder "føresette"

I første kolonne i tabellen ser vi kor mange ansvarsgrupper dei ulike etatane har teke initiativ til eller medverka til å oppretta, slik dei føresette har oppfatta det. Fleire etatar har teke eit felles initiativ i ein del saker.

Vi ser at i heile 14 av dei 23 gruppene har PPT vore med og teke initiativ til å starta ansvarsgruppa. I tillegg har helsestasjonen vore med og teke initiativ i 8 tilfelle og dei føresette sjølve i 7 tilfelle. Dette seier oss at det ser ut som det er PPT som er den mest sentrale etaten i forhold til oppretting av ansvarsgrupper og dernest helsestasjonen.

I kolonne 2 ser vi ein oversikt over dei ulike etatane si deltaking i dei 23 ansvarsgruppene i utvalet. Her får vi eit litt anna bilete på kor aktive eller sentrale dei ulike etatane er i ansvarsgruppejobbinga. Både PPT, skulekontor, barnehage/skule og helsestasjon er med i nesten alle dei 23 ansvarsgruppene vi har opplysningar om, medan sosialtenesta er med i 14 grupper, og barnevernet berre er med i 6 grupper. I kategorien "andre" finn vi lege, fysioterapeut, trygdekontor, BUP, logoped.

At så mange etatar deltek fast i så mange grupper vedkjem truleg eit av kjernespora som låg til grunn for undersøkinga. Burde ein i større grad trekt inn dei ulike etatane etter behov, eller skal det vera ein fast kjerne der alle etatane er

representert? Er dette ein god bruk av ressursar, blir ansvarsgruppene for store etc.

er spørsmål som bør takast stilling til når retningslinene skal reviderast.

I kolonne 3 ser vi kva etat som har hatt koordineringsansvaret i dei ulike ansvarsgruppene. Her ser vi igjen at det i første rekke er PPT som merkar seg ut, (12grp.) og dernest helsestasjonen (5grp.). Dette biletet liknar oversikten over kven som tok initiativ til oppretting av ansvarsgruppene, PPT (14), helsestasjonen (7). Dette gir vel eit rimeleg biltete av situasjonen, at i mange tilfelle er det den etaten som tek initiativ til å oppretta ansvarsgruppa som også blir utnemnt til koordinator.

På den andre sida er det nokre etatar som aldri eller svært sjeldan er koordinator for ei ansvarsgruppe, t.d. skulekontor, barnevern, sosialteneste, barnehage/skole. No har vi opplysningar om at denne oversikten ikkje er heilt rett. T.d. har representantar frå barnevernet sagt at dei har koordinatoransvar i nokre grupper, og det same kan vera tilfelle for andre etatar. Her ville dei 10 som ikkje har svara på spørsmåla kanskje endra litt på oversikten.

Hovudbiletet vi sit att med er utan tvil at *PPT synest å ha ein kjernerolle i forhold til ansvarsgrupper for barn med særlege behov*, både når det gjeld oppretting av grupper, deltaking og koordineringsansvar.

Dei føresette sine vurderingar av etatane si deltaking og rollar

Under dette punktet skal vi oppsummera dei føresette sine vurderingar av storleiken på gruppene, på kva etatar som blir vurdert som "viktige" og kva etatar som har vore dei føresette sine beste "støttespelar".

På spørsmål om talet på deltakarar i ansvarsgruppa var høveleg stort, var svaret frå dei føresette eintydig og klart. 22 av dei 23 føresette svara at ja, talet på deltakarar er høveleg stort. 1 føresett svara at det var for mange deltakarar. I forhold til fagpersonane sin uro om for mange deltakarar i gruppene, så var dette eit overraskande og svært positivt resultat. Det kan sjølvstøtt også liggja i svaret at her er det ressurssterke foreldre, som ikkje let seg skræmma av fagfolk (jfr. høg møtedeltaking). Samstundes er det ei klar tilbakemelding og vurdering som tyder på at dei føresette blir godt ivaretekne i gruppene.

Tabellen på neste side syner dei føresette sine vurderingar av dei ulike etatane si deltaking i ansvarsgruppene.

Tabell nr.3: Kor viktig er dei ulike etatane si deltaking i ansvarsgruppene ?

ETAT	svært viktig	viktig	lite viktig
PPT (n=22)	17	5	0
Skulekontor(n=21)	14	7	0
Barnehage/skule(n=22)	21	1	0
Barneverntenesta(n=6)	4	2	0
Helsestasjonen(n=22)	9	10	2
Sosialtenesta(n=14)	7	3	0
Andre(n=8)	4	1	0

Av tabellen ser vi at det er barnehage/skule si deltaking i ansvarsgruppene som blir vurdert som viktigast sett frå dei føresette si side. Dette er rimeleg utifrå at dei fleste av barna har anten barnehage eller skole som sin arena til dagleg, og at det er representantane frå skole/barnehage som gjerne sit inne med "kvardagskunnskap" om barna. Etter barnehage/skole er det PPT og skulekontoret som blir vurdert som viktige. Utifrå at det er PPT som tek flest initiativ i forhold til oppretting av grupper og som har koordinatoransvar i mange grupper, så er det rimeleg at PPT også blir vurdert til å vera viktig som deltakar i gruppene generelt. At skulekontoret også blir sett som svært viktig kan gjerne ha samanheng med at det i mange tilfelle er aktuelt å søkja ekstra midlar til skule/barnehage, og at det derfor er nyttig å ha denne etaten tilstades.

Sosialtenesta og barneverntenesta blir vurdert som svært viktige deltakarar i ca. 2/3 av gruppene, medan helsestasjonen blir vurdert som svært viktig i nesten halvparten av gruppene. Helsestasjonen blir vurdert som "viktig" i 10 grupper og "lite viktig" i 2 grupper. Tyder dette på at helsestasjonen er mindre viktig enn dei andre etatane i samarbeidet ? Tolkninga av dette resultatet er bl.a. avhengig av korleis dei føresette har oppfatta omgrepet "viktig". Har dei tenkt viktig som "informant", som "beslutningstakar", som "ansvarleg for tildeling av tiltak/ekstra ressursar", som "ekspert på problemet", som "personleg støttespelar"? osv.. Undersøkinga kan ikkje gi noko svar på dette spørsmålet, men stiller det ope for nærare vurderingar.

I tabellen under har vi spurt om kva for ein etat som har vore den viktigaste støttespelaren undervegs. Dette spørsmålet liknar det forrige, men her har vi tenkt personleg og "moralsk" støtte, medan i det forrige spørsmålet var vi opptekne av kva

funksjonar etatane hadde generelt i gruppa.

Tabell nr. 4: Kva etat har vore dykkar viktigaste støttespelar i ansvarsgruppa ?

ETAT	tal (%)
PPT (n=22)	11 (50 %)
Skulekontor(n=21)	1 (5 %)
Barnehage/skule(n=22)	7 (32 %)
Barneverntenesta(n=6)	4 (67 %)
Helsestasjonen(n=22)	4 (18 %)
Sosialtenesta(n=14)	3 (21 %)
Andre(n=8)	2 (25 %)

Resultatet er eit noko anna på dette spørsmålet enn på det forrige. Nokre føresette har dessutan kryssa av for støttespelarar i fleire etatar. Dette kan vera eit uttrykk for at dei føresette har opplevd god støtte ifrå fleire av medlemmene i gruppa, og at det har vore eit "støttande" klima.

Av tabellen ser vi at barnevernet har blitt vurdert som viktigaste støttespelar i 4 av dei 6 gruppene dei har vore med i. PPT blir vurdert som viktigaste støttespelar i halvparten av dei gruppene dei har delteke i, og barnehage/skole blir vurdert som viktigaste støttespelar i 7 av dei 22 gruppene dei har delteke i.

For skole/barnehage er dette eit anna bilete enn på spørsmål om kva etat som var viktigast i gruppa. Skulekontoret som vart sett på som svært viktig i forrige spørsmål, blir berre sett på som viktig personleg støttespelar i 1 av 21 grupper. Desse resultatata stadfestar truleg at det er tale om å vera viktig på ulike måtar.

Generelt sett er det likevel PPT, barnehage/skole og barnevernet som både faktisk og relativt sett skårar høgast på spørsmålet om den viktigaste støttespelaren.

Deltakarane sin stabilitet i ansvarsgruppene

Til slutt i denne delen som omhandlar rollar og deltaking i ansvarsgruppene spurde vi dei føresette om det hadde vore mange utskiftingar av fagpersonar frå dei ulike

etatane undervegs, og i såfall om dette hadde verka hemmande på arbeidet i gruppene.

Av datamaterialet vårt fann vi at 20 av 23 grupper hadde hatt 1 eller fleire utskiftingar sidan dei vart etablerte. I nokre grupper har det vore fleire utskiftingar frå same etat, medan i andre grupper har utskiftingane vore spreidd mellom fleire etatar. Flest utskiftingar har det vore i PPT, skulekontoret, barnehage/skole og sosialtenesta, medan helsestasjonen utmerkar seg ved å ha svært få utskiftingar av personar i ansvarsgruppene.

Hovudtyngda av dei føresette (14) meiner derimot at desse *utskiftingane ikkje har hatt nokon hemmande effekt på arbeidet* i gruppene, medan 2 meiner at det har vore hemmande i "stor" grad, og 2 meiner det har vore hemmande i "nokon" grad. På bakgrunn av at dei fleste gruppene har eksistert i fleire år, er det truleg slik at utskiftingane har skjedd over tid, og at dermed så har dei ikkje hatt nokon særleg innverknad på arbeidet i gruppene.

OM VANSKAR, BEHOV OG TILTAK

Under dette hovudtemaet har vi samla resultata frå spørsmåla som galdt bakgrunn for oppretting av ansvarsgruppa, kva vanskar hadde barna, kva tiltak hadde barnet/familien behov for, kva tiltak har dei fått, er dei fornøgde med tiltaka, og korleis vurderer dei barnet sine vanskar i dag. Resultata blir presentert i nemnte rekkefølge.

Bakgrunn for oppretting av ansvarsgrupper

Tabell nr. 5: Kva var dei viktigaste grunnane til at ansvarsgruppa vart oppretta ?

Grunnar til oppretting (n=23)	rangering	sumskåre
Sikra langsiktig planlegging	1	79
Koordinering av tiltak	2	68
Føreslå hjelpetiltak	3	55
Avdekking av ressursbehov	4	50
Deling av ansvar	5	44
Anna	6	3

I dette spørsmålet har vi teke utgangspunkt i retningslinene for ansvarsgruppene, og omformulert dei viktigaste målsetjingane derifrå. Dei føresette vart bedt om å rangera grunnane frå 1-5, der 1 var "viktigaste" grunn, 2 var "nestviktigaste" grunn osv. Vi har i ettertid rekna ut ein sumskåre for dei ulike svara, og dermed fått eit mål for å samanlikna dei ulike grunnane m.o.t. kor viktige dei var for oppretting av ansvarsgruppa.

Vi ser at den grunnen som har skåra flest poeng er "å sikra langsiktig planlegging". Deretter kjem "koordinering av tiltak", "føreslå hjelpetiltak" osv. Når vi veit at dei to førstnemnte grunnane tilsvarar hovudmålsetjingane for oppretting av ansvarsgrupper, så ser det ut til at retningslinene i stor grad blir følgt i denne fasen av arbeidet.

Blant fagpersonane hadde ein kanskje venta at dei føresette var meir opptekne av å skaffa hjelpetiltak og avdekka ressursbehov, enn av langsiktig planlegging og koordinering av tiltak. Dei føresette si tilbakemelding på dette spørsmålet er svært viktig, og bør ha ein klar effekt for måten ansvarsgruppene arbeider på.

Barna sine vanskar

For å få ein oversikt over barnet sine vanskar har vi i tabellen nedanfor sett opp ulike kategoriar vanskar utifrå den erfaring representantane for dei ulike etatane har. Å setja opp slike kategoriar er ikkje lett, og det er vanskeleg å vita kva som blir lagt i dei. Viss ein skal vera spissfindig så er t.d. "funksjonshemming" ikkje akkurat ein vanske, men vanskane kan vera ein konsekvens av funksjonshemminga. Det var også viktig at kategoriane kunne ivareta familiarane sin anonymitet.

I retningslinene for oppretting av ansvarsgrupper står det at gruppene er for barn med funksjonshemmingar. I denne oversikten over barnet sine vanskar får vi innblikk i at omgrepet "funksjonshemma" i praksis blir brukt i svært vid forstand. Det er berre ein liten del av barna som truleg har ein medisinsk diagnose som inneber funksjonshemming, medan dei fleste barna har fleire og samansette vanskar.

Tabell nr. 6: Kva vanskar hadde barnet ?

Vanskar hos barnet (n=23)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	11
Psykiske/kjenslemessige vanskar	9
Åtferdsvanskar	9
Lærevanskar	13
Funksjonshemming	9
Anna	1

Tabellen syner at barna sine vanskar er ganske jamnt fordelt, ifrå medisinske/fysiske vanskar, psykiske/kjenslemessige vanskar, åtferdsvanskar, lærevanskar og funksjonshemming. Lærevanskar er den vanskene som er nemnt flest gonger, medan medisinske/fysiske vanskar kjem deretter.

Vi har også opplysningar om at dei aller fleste barna har meir enn 1 vanske. Heile 12 barn har 2 vanskar, og heile 7 barn har 3 vanskar. Dette stadfestar at målgruppa det blir arbeidd med er barn med samansette vanskar (vedlegg 3, tab. 6).

Vi har utført ein korrelasjonsanalyse for å sjå kva vanskar det er som oppstår samstundes (vedlegg 3, tab. 5b) Vi finn då at åtferdsvanskar ofte opptrer ilag med psykiske/emosjonelle vanskar. Lærevanskar korrelerer ikkje sterkt med nokon annan

vanske, heller ikkje funksjonshemming eller medisinske/fysiske vanskar. Når det gjeld negative samanhengar, så finn vi at barn med funksjonshemmingar eller barn med medisinske/fysiske vanskar sjeldan har åtferdsproblem.

Utifrå denne gjennomgangen kan det sjå ut som om vi har 2 hovudgrupper med barn: barn med åferdsvanskar og psykiske/emosjonelle problem, og barn med funksjonshemming eller medisinske/fysiske vanskar. Lærevanskane finn vi i begge gruppene.

Vi har også sett på om det synest å vera samanhengar mellom kva instans som har teke initiativ til å oppretta ansvarsgruppa og type vanske hos barnet (vedlegg 3, tab. 7-10). Det syner seg at for dei gruppene PPT har teke initiativ til å oppretta så fordeler vanskane seg jamnt i dei ulike kategoriane, med ei lita overvekt av lærevanskar. I dei gruppene som helsestasjonen har teke initiativ til er det også ei ganske jamn fordeling av ulike vanskar. Men det er svært få tilfelle av funksjonshemming og flest tilfelle av medisinske/fysiske vanskar. Dette tyder på at det er viktig å skilja mellom desse to kategoriane, og at det er sjeldan dei føresette har kryssa av for både funksjonshemming og medisinsk/fysisk vanske. I dei tilfelle der dei føresette har teke initiativ til gruppa er det litt overvekt av åtferdsvanskar, og få barn med funksjonshemming.

Barnevernet har ikkje teke initiativ til oppretting av noko gruppe i utvalet vårt. Vi har likevel sett på kva vanskar barna har i dei gruppene som barnevernet er deltakar i. Vi fann ingen barn med lærevanskar og 1 barn med funksjonshemming. Derimot var det 5 barn som hadde psykiske/kjenslemessige vanskar og 3 barn som hadde åtferdsvanskar.

Desse resultatata syner at sjølv om dei ulike etatane tek initiativ til oppretting av ansvarsgrupper for barn med fleire typar vanskar, så er det ein svak tendens (ikkje signifikant) til at den einskilde etat sitt mandat og føremål verkar inn på dei initiativ som blir tekne. Vi hadde gjerne trudd at den einskilde etat sitt mandat hadde kome enda sterkare til syne ved initiativ til oppretting av grupper enn desse resultatata syner. Men det er eit lite utval ansvarsgrupper det er tale om, og det er ikkje sikkert at dei føresette si oppfatning av barnet sine vanskar er samanfallande med fagpersonane sine vurderingar. Backe-Hansen (1995) finn også stort samanfall i problemtypar som blir "henvist" til PPT, barnevernet og BUP, men at det er ei viss overvekt av problem knytta til barnet som blir "henvist" til PPT, og overvekt av vanskar knytta til familiesituasjonen som blir "henvist" til barnevernet og BUP.

Når det gjeld bruken av omgrepet "ansvarsgrupper for funksjonshemma barn" så kan det sjå ut som dette ikkje er dekkande for dei mangearta vanskar som barna har. Eit alternativt omgrep kunne t.d. vera å snakka om "barn med samansette vanskar".

Behov for tiltak og tildeling av tiltak

I tabellen under har vi ramsa opp dei vanlegaste hjelpetiltaka som blir igangsett etter initiativ frå ansvarsgruppene. Dei føresette har kryssa av for kva tiltak dei har hatt behov for, og kva tiltak som har blitt iverksett.

Tabell nr. 7: Dei føresette sine vurderingar av behov for tiltak samanlikna med tildeling av tiltak.

Type tiltak	Behov for tiltak	fått tiltak (heilt/delvis)
Behandling	11	13
Spesialpedagogiske tiltak	18	21
Utgreiing spesialist	15	16
Støttekontakt	13	12
Besøksheim/avlastning	12	9
Andre tilbod i heimen	8	5
Økonomisk støtte	10	9
Råd, rettleiing	17	13
Info. om hjelpeapparatet	14	8

Vi ser at "spesialpedagogiske tiltak", "råd og rettleiing overfor barnet", "utgreiing hos spesialist" og "informasjon om hjelpeapparatet" skårar høgast utifrå dei behova som dei føresette har nemnt. Lågast skårar "andre tilbod i heimen" og "økonomisk støtte".

Når vi ser på kva behov som er innfridde heilt eller delvis så er det samla sett 14 behov som ikkje er imøtekomne, medan 6 tiltak er sette iverk utan at dei føresette har kryssa av for at det er behov for tiltaket. Totalt sett må dette vurderast som ei svært positivt evaluering frå dei førsette.

Av dei behova som ikkje har blitt innfridde fullt ut er det kanskje mest interessant å merka seg at dette i størst grad gjeld "råd og rettleiing" og "informasjon om hjelpeapparatet". Det går ikkje fram av retningslinene om det å gi "råd og rettleiing" er ei oppgåve som er meint å skulla ivaretakast av ansvarsgruppene. I mange tilfelle er dette truleg ein funksjon som blir ivareteken i andre og mindre fora utanom

ansvarsgruppene.

I forhold til å gi "informasjon om hjelpeapparatet" så er dette ei klar oppgave for ansvarsgruppene. Dei føresette si tilbakemelding på dette punktet bør vera eit diskusjonstema i den vidare evalueringa av verksemda..

Dei føresette sine vurderingar av dei tildelte tiltaka

Eit spørsmål er kva behov som er innfridde eller ikkje, eit anna spørsmål er kva dei føresette meiner om dei tiltaka som er iverksette.

Tabell nr. 8: I kva grad er dei føresette nøgde med dei tildelte tiltaka ?

Type tiltak	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
Behandling (n=13)	6	5	1
Spesialpedagogiske tiltak (n=21)	13	6	1
Utgreiing spesialist (n=16)	7	6	2
Støttekontakt (n=12)	5	4	3
Besøksheim/avlastning (n=9)	7	1	1
Andre tilbod i heimen (n=5)	1	3	1
Økonomisk støtte (n=9)	5	2	1
Råd, rettleiing (n=13)	3	10	
Info. om hjelpeapparatet (n=8)	3	5	

Tabellen ovanfor syner korleis svara fordelte seg i dei føresette sine vurderingar av dei ulike tiltaka. Det er berre eit fåtal av tiltaka som dei føresette har vore lite nøgde med, dette er i 3 tilfelle "støttekontakt", og i 2 tilfelle "utgreiing hos spesialist", og i einskilde tilfelle dei andre tiltaka. Vi ser at dei fleste "spesialpedagogiske tiltaka" er dei føresette godt nøgde med, det same gjeld "avlastning", og "økonomisk støtte". Dei tiltaka som dei føresette er nokolunde nøgde med er "råd og rettleiing" og "informasjon om hjelpeapparatet". Dette er dei same tiltaka som dei føresette i stor grad hadde behov for, og som i mindre grad var innfridde iflg. forrige tabell. At dei føresette ikkje er svært nøgde med desse tiltaka kan vera eit uttrykk for at informasjonsbehovet og rettleiingsbehovet til dei føresette er svært stort, og at sjølv

om dei har fått både informasjon og rettleiing, så burde desse tiltaka vore tillagt enda større vekt.

Samla sett må det seiast å vera ei positiv vurdering av dei tildelte tiltaka, og eit uttrykk for at ansvarsgruppene i stor grad greier å imøtekoma dei føresette sine behov. Samstundes er det tydeleg at einskilte tiltak fungerer betre enn andre.

Barna sine vanskar i dag

Til slutt i denne bolken om barnet sine vanskar, behov og tiltak, skal vi sjå korleis dei føresette vurderer barnet sine vanskar i dag iforhald til ved oppstart av gruppa.

Tabell nr. 9: Barnet sine vanskar i dag i høve til ved oppstart av ansvarsgruppa.

Vanskar	Betre	Uendra	Dårlegare
Medisinsk/fysisk (n=11)	6	2	1
Psykisk/kjenslem. (n=9)	5	3	1
Åtferdsvanskar (n=9)	5	3	1
Lærevanskar (n=13)	8	5	
Funksjonshemma (n=9)	3	2	1

Hovudintrykket når vi ser på tabellen ovanfor er at det er svært få av vanskane som har forverra seg. Lærevanskar har ikkje forverra seg i eit einaste tilfelle iflg. dei føresette. Dei fleste vanskane har tvertimot blitt tydeleg redusert, med størst utslag for lærevanskane, og dernest medisinske/fysiske vanskar. Åtferdsvanskar og psykiske/kjenslemessige vanskar har hatt noko mindre betring, og vanskar i samband med funksjonshemming har hatt den svakaste betringa. Vanskar som inneber funksjonshemming er gjerne kroniske, og det er rimeleg at ein ikkje har fått særleg betring i forhold til desse vanskane. Men det er viktig å merka seg at situasjonen for barn med funksjonshemmingar heller ikkje har blitt verre for dei aller fleste.

Tilbakemeldinga på dette spørsmålet bør kunna tolkast som eit signal om at ansvarsgruppene gjer eit godt arbeid i forhold til dei aktuelle barna, og at ansvarsgrupper er ei samarbeidsform som eignar seg godt til barn med samansette vanskar og særlege behov.

DEI FØRESETTE SINE OPPLEVINGAR OG VURDERINGAR

Under denne hovuddelen har vi samla tilbakemeldinga frå dei føresette på spørsmåla som galdt deira innverknad i gruppa, deira opplevingar som deltakarar i gruppa og synspunkt på om ansvarsgruppa har greidd å innfri dei generelle målsetjingane som var bakgrunnen for at gruppa vart oppretta (jfr. tab 5 s.13)

Dei føresette sin innverknad i ansvarsgruppa

I tabellen nedanfor har dei føresette vurdert i kva grad har deira "synspunkt blitt høyrde", i kva grad har dei hatt "innverknad på sakslista", i kva grad har dei hatt "innverknad på avgjerdsler" som vart fatta og i kva grad har dei fått "nødvendig informasjon".

Tabell nr. 10: I kva grad opplever dei føresette å ha innverknad i ansvarsgruppa ?

Område for innverknad (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Synspunkt blitt høyrde	18	3	1
Innverknad saksliste	10	11	1
Innverknad avgjerdsler	14	5	3
Fått nødvendig informasjon	12	7	3

Vi ser at 18 (88%) av dei føresette meiner at synspunkta deira har blitt høyrde i stor grad. 14 (63%) meiner at dei har hatt stor grad av innverknad på avgjerdsler i gruppa, 12 (54%) meiner at dei har fått nødvendig informasjon og 10 (45%) meiner at dei har hatt stor grad av innverknad på sakslista.

Det at så mange av dei føresette meiner at synspunkta deira har blitt høyrde i stor grad, er ei svært tydeleg og positiv tilbakemelding. Dei føresette opplever også å ha stor grad av innverknad på avgjerdsler som blir tekne. Dei andre områda for innverknad er det litt delte oppfatningar om, og vi ser at punktet om informasjon kjem att også her, som eit område som ein kanskje bør vera meir oppmerksam på framover.

Dei føresette sine opplevingar i ansvarsgruppa

Tabell nr.11: Dei føresette sine opplevingar som deltakarar i ansvarsgruppa.

I dette spørsmålet har vi prøvd å kartleggja sjølv opplevingsaspektet ved å vera deltakar i ei ansvarsgruppe ilag med mange fagpersonar. Vi har spurd om "i kva grad har gruppa vore til for dykkar barn" ? "i kva grad har de blitt møtte med respekt ?" "i kva grad har de kjent dykk ivaretekne i gruppa"? og "i kva grad har gruppa vore eit drøftingsforum for fagfolka" ?

Tema for opplevingar (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Gruppa vore for vårt barn	17	4	1
Møtt med respekt	22	0	1
Kjent dykk ivaretekne	16	4	2
Drøftingsforum for fagfolk	5	11	6

Tabellen syner ei svært positiv tilbakemelding frå dei føresette. Heile 22 (96%) av dei 23 som har svara, seier at dei har blitt møtte med stor grad av respekt.

Heile 17 (77%) seier at gruppa har vore for deira barn, og 16 (73%) seier at dei har kjent seg ivaretekne i gruppa. På det siste spørsmålet om gruppa har vore eit drøftingsforum for fagfolk er svara ikkje like eintydige. Halvparten (11) av dei føresette meiner at gruppa har fungert som eit drøftingsforum for fagfolka i nokon grad, medan 6 meiner i liten grad og 5 meiner i stor grad.

Det er klart utifrå retningslinene til ansvarsgruppene at dei skal fungera som eit fagleg forum og som ein metode for å koordinera fagleg innsats. Slik spørsmålet var meint, og slik dei føresette truleg har tolka det, så er svara eit uttrykk for at trass i at ansvarsgruppene er eit fagleg forum, så har dette i liten grad gjort at dei føresette har blitt utelukka. Dette får vi tydeleg svar på i dei 3 første spørsmåla som galdt respekt, ivaretaking og at gruppa har vore til for "vårt barn".

Dei føresette sine vurderingar av måloppnåing i ansvarsgruppa

Vi stilte tidlegare spørsmål om dei viktigaste grunnane til at ansvarsgruppene vart oppretta. Nedanfor skal vi få dei føresette sine vurderingar av korleis arbeidet i ansvarsgruppene har fungert i forhold til desse målsetjingane.

Vi har stilt spørsmål om ulike funksjonar som møteleiing, koordinering av arbeidet ansvarsdeling, framskaffing av tiltak, langsiktig planlegging.

Tabell nr. 12: Dei føresette sine vurderingar av arbeidet i ansvarsgruppa.

Vurderingstema (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Målretta møteleiing	19	3	1
Tilfredsstillande ansvarsdeling	13	8	2
Tilfredsstillande koordinering	14	7	1
Sikra langsiktig planlegging	10	9	4
Framskaffa nødvendige tiltak	9	10	2

I tabellen ser vi at det er eit område som har fått særleg god vurdering, nemleg "målretta møteleiing" der 19 (83 %) av dei tilsette har vore nøgde i stor grad. Deretter har vi "koordinering av tiltak" der 14 (63%) av dei føresette er nøgde i stor grad, og "ansvarsdeling" der 13 (57%) av dei føresette har vore nøgde i stor grad. Det å "skaffa tiltak" og "sikra langsiktig planlegging" derimot skårar dårlegare. Under halvparten av dei føresette meiner at desse områda er særleg godt ivaretekne.

Å "sikra langsiktig planlegging" er ei av hovudmålsetjingane i retningslinene for ansvarsgruppene, og også det punktet som dei føresette meinte var viktigaste grunn for oppretting av ansvarsgruppene. Dei føresette sine vurderingar på dette området er på denne bakgrunn ei svært viktig tilbakemelding for den vidare evalueringa av ansvarsgruppearbeidet.

Som ei oppsummering av dei føresette sine opplevingar og vurderingar som deltakarar i ansvarsgruppene har vi i dei 3 føregåande tabellane sett at dei føresette har blitt møtte med stor grad av respekt (96 % av dei føresette), synspunkta deira har blitt høyrde i stor grad (88 % av dei føresette) og møteleiing og koordinering av tiltak skårar høgast på vurdering av arbeidet i gruppene.

OM NYTTEVERDIEN AV ANSVARSGRUPPENE

I den siste resultatdelen har vi samla dei føresette sine synspunkt på "situasjonen i dag". "Har dei fått hjelp", og "vil dei rå andre føresette til å nytta seg av ansvarsgruppene i ein liknande situasjon"?

Dei føresette sin situasjonen i dag m.o.p. barnet sine vanskar ?

Betre enn før	14
Ingen endring	7
Dårlegare enn før	0

Resultatet ovanfor er positivt. 14 av dei føresette meiner situasjonen deira i dag m.o.p. å meistra barnet sine vanskar er betre enn ved oppstart av gruppa, og 7 meiner at situasjonen er uendra. Ingen meiner at dei har fått ein verre situasjon i dag enn tidlegare. Desse resultatane må sjåast i lys av dei føresette sine vurderingar av barnets vanskar i dag i forhold til ved oppstart av gruppa (tabell nr. 9). Nesten ingen av barna hadde større vanskar i dag enn ved oppstart av gruppene, og dei fleste vanskanane var redusert eller uendra.

Har ansvarsgruppa vore til hjelp for dei føresette ?

Vi har tidlegare fått dei føresette sine vurderingar av spesifikke tiltak og den hjelp dei har fått gjennom ansvarsgruppene. I dette spørsmålet har vi prøvd å få dei føresette til å gi eit "oppsummerande" og meir generelt svar i høve til den kontakt dei har hatt med ansvarsgruppene. Vi har fått følgjande svar:

Ja, i stor grad	16
I nokon grad	5
I liten grad	2

Svara på dette spørsmålet er svært samanfallande med svara på det forrige spørsmålet, om dei føresette sin situasjon i dag. Ein skildnad er at 2 føresette meiner at ansvarsgruppa berre i liten grad har vore til hjelp. I kommentarane til dette spørsmålet finn vi at "møta var mest berre prat"..., "vi måtte ordna det meste sjølve utanom ansvarsgruppa"....

Dette er sjølvstilt ei viktig tilbakemelding til dei ulike etatane. Ein kan også tenkja seg at nokre av dei 10 som ikkje har svara på spørjeskjemaet ville ha nytta seg av denne svarkategorien. Trass i desse atterhalda så inneber hovudtyngda av svara ei klart positiv tilbakemelding til dei ansvarlege etatane i Voss kommune.

Vil du/de rå andre føresette til å nytta seg av ansvarsgrupper i ein liknande situasjon ?

Ja, absolutt	21
Kanskje	1
Tvilsamt	1
Nei	0

Dette var det siste spørsmålet i spørjeskjemaet, og svara kan på mange måtar sjåast som ei oppsummering av dei føresette sine synspunkt på ansvarsgruppearbeidet i Voss kommune. *Heile 21 av dei 23 føresette i undersøkinga svarar "ja, absolutt" på spørsmål om dei vil rå andre føresette til å nytta seg av ansvarsgrupper i ein liknande situasjon.* Tydelegare kan det vel ikkje seiast. 2 føresette er i tvil pga. sine erfaringar vedrørande gruppa sin nytteverdi, jfr. refererte utsagn på spørsmålet ovanfor. Ingen av dei føresette vil rå andre ifrå å nytta seg av ansvarsgrupper i ein liknande situasjon.

OPPSUMMERING AV HOVUDRESULTATA

Om deltaking, funksjonar og rollar i ansvarsgrupper

Dei fleste av barna i denne undersøkinga er i dag skolebarn eller ungdommar, medan det er få førskolebarn representert. *Dette kan tyda på at behovet for ansvarsgrupper aukar med alderen, men det kan også vera eit uttrykk for at det er lite kapasitet til å oppretta nye grupper for førskolebarn.* Ansvarsgruppene for nesten halvparten av barna har vart i over 4 år, og over halvparten av barna har hatt ansvarsgrupper heilt sidan førskolealder. Berre 4 av dei 23 ansvarsgruppene i utvalet er avslutta pr. i dag. Grunnen til at gruppene er avslutta er berre i eitt tilfelle at behovet ikkje er tilstades lenger. Elles har gruppene opphøyrtd pga. barnets død eller alder. M.a.o. ansvarsgruppene for barn med særlege behov i Voss kommune er tiltak som varer lenge, truleg fordi vanskaner barna har ofte er av kronisk karakter.

Dei føresette til barna har vore tilstades på nesten alle møte i ansvarsgruppene. Dette kan tyda på at dei føresette har ressursar til å stilla opp for barna sine i ulike samanhengar, og det kan vera ein peikepinn på at dei føresette vurderer det som nyttig å delta i ansvarsgruppemøta. Det må også sjåast som eit teikn på at ansvarsgruppene gjer ein god jobb i høve til dei føresette.

PPT, skolekontor, barnehage/skole og helsestasjon har delteke i nesten alle dei 23 ansvarsgruppene, medan sosialteneste og barnevernteneste har blitt trekt inn etter behov. PPT er den etaten som har teke flest initiativ til å oppretta nye ansvarsgrupper, og som har hatt koordinatoransvar for flest grupper.

Dei føresette meiner at barnehage/skole er den viktigaste deltakaren i ansvarsgruppene. Deretter blir deltaking frå PPT og barneverntenesta vurdert som svært viktig i mange grupper. Deltaking frå helsestasjonen blir vurdert som mindre viktig i fleire av gruppene. Når det gjeld dei føresette si vurdering av kva etat som var den viktigaste "støttespelaren" deira, så vart også her PPT og barneverntenesta trekt fram i ein stor del av gruppene som dei har delteke i. Dei andre etatane og skulekontoret spesielt, har blitt trekt fram langt færre gonger.

Dei aller fleste ansvarsgruppene har hatt 1 eller fleire utskiftingar av personar frå dei ulike etatane. *Utskiftingane har truleg skjedd over tid, og dei føresette meiner at dette i liten grad har hemma arbeidet i ansvarsgruppene.* Helsestasjonen utmerkar seg med svært få utskiftingar av deltakarar i gruppene.

Utifrå dei faktiske opplysningane om ansvarsgruppearbeidet får vi stadfesta at dette er ei verksemd som krev mykje tid og ressursar av dei ulike etatane som deltek. Dette var eit av dei punkta som vart stilt spørsmål om i utgangspunktet for evalueringa. Er gruppene for store? Er det nødvendig at så mange etatar deltek i så mange grupper?

Til det første spørsmålet har dei føresette svara klart og eintydig at gruppene er høveleg store. Til det andre spørsmålet har vi ikkje eit klart svar. Men både utifrå ressursomsyn, og utifrå dei føresette sine vurderingar av dei ulike etatane si deltaking i gruppene, så er dette eit spørsmål som bør drøftast vidare både i forhold til eksisterande ansvarsgrupper og i forhold til oppretting av nye grupper.

Om vanskar, behov og tiltak

Dei viktigaste grunnane for å oppretta ansvarsgrupper er iflg. dei føresette å "sikra langsiktig planlegging" og "koordinering av tiltak". Dei føresette sine synspunkt på dette området er heilt samanfallande med retningslinene for oppretting av ansvarsgrupper der det står følgjande: *"Ansvarsgruppa skal sikra tverrfagleg samarbeid og langsiktig planlegging for det einskilde barn"*.

Dei aller fleste barna i utvalet har 2 eller 3 vanskar. Vanskane er jamnt fordelt på dei ulike kategoriane, med ei svak hovudvekt på lærevanskar og medisinske/fysiske vanskar. Det ser ut til å vera ei gruppe barn med åtferdsvanskar kombinert med psykiske/ kjenslemessige vanskar, og ei anna gruppe med medisinske vanskar eller funksjonshemmingar som i liten grad har åtferdsvanskar.

I forhold til målgruppediskusjonen er dette viktige opplysningar. Samarbeidsetatane i Voss kommune har skifta namn og justert målgrupper for ansvarsgruppene fleire gonger ifrå oppstarten midt på 1980-talet. Dei første åra var det tale om "ungdom med åtferdsvanskar", seinare var det "barn og unge med alvorlege utviklingsproblem" og frå 1992 har gruppene vore for "barn med funksjonshemmingar". Då BVU fekk førespurdnad om å delta i evaluering av ansvarsgruppene, var målgruppa omtala som "barn og familiar som treng særskild hjelp". *Utifrå dei vanskane som barna i utvalet har, så ser det ut til at diskusjonen om målgrupper og namn på ny er aktuell.*

Når det gjeld dei føresette sine vurderingar av behov for tiltak så er det spesialpedagogiske tiltak som er nemnt flest gonger, deretter kjem "råd og rettleiing", "utgreiing hos spesialist" og "informasjon om hjelpeapparatet". Dei tiltaka som er nemnt færrest gonger er "andre tilbod i heimen" og "økonomisk støtte". Når det gjeld tildeling av tiltak så er det iflg. svara frå dei føresette berre eit lite fåtal av dei registrerte behova som ikkje er imøtekomne heilt eller delvis. Nokre tiltak er også sett iverk utan at behov for tiltaket er nemnt. Dei tiltaka som har størst sprik mellom behov og tildelte tiltak er "informasjon om hjelpeapparatet" og "råd og rettleiing". I drøftingar med dei ulike fagpersonane har det kome fram at "informasjon om hjelpeapparatet" er ei klar oppgåve som ansvarsgruppene bør ivareta. Når det gjeld "råd og rettleiing" så er det litt usikkert kva dei føresette legg i denne oppgåva og om ansvarsgruppene er eit eigna forum til å gi råd og rettleiing. Dette bør drøftast vidare.

Dei føresette er mest nøgde med "avlastingstiltak" og "spesialpedagogiske" tiltak og

minst nøgde med "andre tilbud i heimemiljøet", "støttekontakt" og "råd og rettleiing". "Informasjon om hjelpeapparatet" er vurdert midt i laget. Totalt sett tyder desse vurderingane frå dei føresette på at *ansvarsgruppene gjer ein svært god jobb i forhold til barna og familiare sine behov.*

Når det gjeld vurdering av barnet sine vanskar i dag i forhold til ved oppstart av ansvarsgruppa, så har dei fleste vanskane blitt redusert eller dei er uendra. Berre eit lite fåtal av vanskane har forverra seg. Den vansken som har blitt betre i flest tilfelle er "lærevanskar", deretter kjem medisinske/fysiske vanskar. Åtferdsvanskar og psykiske/kjenslemessige vanskar har hatt betring i færre tilfelle, medan vanskar i samband med funksjonshemmingar har hatt betring i enda færre tilfelle. Men også for denne vansken er det berre eit einskildtilfelle som har blitt verre.

Denne vurderinga ifrå dei føresette tyder på at ansvarsgruppene i Voss kommune er godt eigna for å arbeida med barn og unge med samansette vanskar, og at dei i stor grad greier å imøtekoma behova til dei føresette og barna. Det ser ut som at ansvarsgruppene greier å nå dei familiare som dei arbeider ilag med.

Dei føresette sine vurderingar og opplevingar av ansvarsgruppa

Heile 88 % av dei føresette seier at deira synspunkt har blitt høyrde i stor grad. 96 % av dei føresette seier at dei har blitt møtt med respekt i stor grad. Sjølv om det er nyansar i dette biletet så kan dette resultatet stå som ei oppsummering av dei føresette sine synspunkt i forhold til spørsmålet om "innverknad i ansvarsgruppa" og i forhold til "opplevingar som deltakarar" i gruppa.

Dei føresette sine vurderingar av arbeidet i ansvarsgruppene i forhold til dei viktigaste målsetjingane er slik: Dei føresette er best nøgde med "møteleiing" og "koordinering av arbeidet", og deretter med "ansvarsdelinga" mellom etatane. Dei føresette er mindre nøgde med "framskaffing av tiltak" og "langsiktig planlegging". "Å sikra langsiktig planlegging" er den viktigaste grunnen dei førsette oppgir for å starta ansvarsgruppene. Mange føresette treng hjelp over fleire år til barna sine, og det er viktig for dei å vita kva dei skal forhalda seg til av ressursar og hjelpetiltak. Dette kan vera vanskeleg for den einskilde etat å ta stilling til pga. budsjettomsyn o.l. *Tilbakemeldinga frå dei føresette på dette punktet bør leggjast fram i debatten om korleis ein kan greia å sikra langsiktig planlegging på ein enda betre måte enn i dag.*

Om nytteverdien av ansvarsgruppene

67 % av dei føresette meiner at situasjonen m.o.p. å meistra barnet sine vanskar er betre i dag enn ved oppstart av ansvarsgruppa, og 33 % meiner at situasjonen er uendra. 70 % av dei føresette meiner ansvarsgruppene har vore til hjelp for dei som føresette i "stor grad", 22 % meiner "i nokon grad", og 2 føresette meiner at ansvarsgruppene har vore til hjelp "i liten grad". 21 av 23 føresette vil rå andre føresette i ein liknande situasjon til å nytta seg av ansvarsgrupper.

Denne tilbakemeldinga frå dei føresette stadfestar dei synspunkta som har kome fram gjennom den meir detaljerte presentasjonen av resultata. Dei føresette meiner at ansvarsgruppene i Voss kommune gjer eit svært godt arbeid både m.o.p. form og innhald i forhold til barn med særlege behov. Dei føresette har samstundes gitt klar tilbakemelding på viktige område som etatane kan arbeida vidare med. Den føreliggjande brukarundersøkinga bør på denne bakgrunn kunna vera eit nyttig dokument i den vidare evalueringa av "retningsliner for oppretting av ansvarsgrupper for barn med funksjonshemmingar".

ERFARINGANE FRÅ VOSS KOMMUNE I EIT STØRRE PERSPEKTIV

Retningslinjer som styringsreiskap for målretta samarbeid

Vi skreiv innleiingsvis at rapporten også ville vera av interesse for hjelpeapparatet utanom Voss kommune. Erfaringane frå denne brukarundersøkinga er svært positive, og det er viktig å tenkja over kva forhold som har medverka til dette gode resultatet. Vi les i Godeseth (1992 og 1995) om viktige føresetnader for å få til eit godt ansvarsgruppearbeid. Det er m.a. viktig å ha ei klar målsetjing både for oppretting av ansvarsgrupper og for det langsiktige arbeidet i gruppene. Dernest bør ein avklara kven som skal delta i gruppa, og kven som skal ha ansvar for å koordinera arbeidet. Det er også viktig å avklara den einskilde etat sitt mandat og ansvar i gruppa. Voss kommune har "innbakt" desse føresetnadene i egne retningslinjer for ansvarsgruppearbeidet, som er godkjente av dei ulike etatane som inngår i samarbeidet. Vi har ikkje funne andre eksempel på slik regulering av ansvarsgruppearbeidet i andre kommunar. Nokre fylkeskommunar har skriftlege samarbeidsavtalar med kommunane om oppretting av ansvarsgrupper rundt barn som blir plassert utanom heimen, men desse avtalane er langt frå så detaljerte som retningslinjene i Voss kommune.

Etatane i Voss kommune har revidert retningslinjene fleire gonger og det er stadig diskusjonar om korleis samarbeidet skal fungera. Nokre har uttala at det er svært forpliktande og tunggrodd å arbeida etter fast regulerte retningslinjer, og at dei føretrekkjer å gjera avtalar med andre etatar ifrå sak til sak. På den andre sida er det mange erfaringar frå tverretatleg samarbeid i einskildsaker der nettopp mangelen på eit strukturert og målretta samarbeid har vore problemet (NOU 1985:3). Vi trur i utgangspunktet det er viktig med skriftlege retningslinjer for tverretatleg samarbeid i einskildsaker, og at dette både kan nyttast som ein styringsreiskap for samarbeidet, og som eit middel for å tydeleggjera målsetjingar og arbeidsmåtar.

Ansvarsgrupper for kven ?

At tilbakemeldingane frå dei føresette i Voss kommunen er så positive kan ha samanheng med målgruppa som det blir arbeidd med. Vi har sett av resultatata at alle dei føresette i utvalet har vore aktive deltakarar i ansvarsgruppene, noko som tyder på at dei har både ressursar og krefter til å stilla opp for barna sine. Når det gjeld vanskane som det blir arbeidd med, så er desse i hovudsak knytta til barna og ikkje til familiesituasjonen eller dei føresette . Dette biletet passar også med at PPT har ein sentral rolle i samarbeidet, medan t.d. barnevernet berre er med i eit fåtal saker. Vi veit frå fleire undersøkingar at barnevernet arbeider med langt fleire saker der vanskane er knytta til dei føresette eller familiesituasjonen enn dei andre hjelpeinstansane (Backe-Hansen, 1995).

Om ansvarsgrupper med hovudvekt på barnevernsproblematikk ville fungera like bra som i forhold til særlege behov hos barna er vanskeleg å seia. BVU har f.t. eit evalueringsprosjekt under arbeid vedrørande beredskapsheimar knytta til ein barneverninstitusjon. Samarbeidet mellom dei ulike instansane skal regulerast gjennom ansvarsgrupper. Erfaringane til no syner at i svært få tilfelle maktar dei føresette å vera med i ansvarsgruppene, anten pga. store personlege vanskar eller pga. livssituasjonen sin generelt. Det har i denne samanheng blitt stilt spørsmål ved om ein kunne auka foreldredeltakinga ved å arbeida meir bevisst for dette.

Nygren og Karlsen (1995) har utvikla ein modell for ansvarsgruppejobbing i barnevernet med utgangspunkt i arbeidet ved Frydenberg Barnevernsenter. Erfaringane med denne modellen er svært positive, og det blir oppgitt at foreldredeltakinga i ansvarsgruppene er omlag 100 %. Frå arbeidet med utvikling av modellen går det fram at ei av dei største utfordringane har vore å utvikla ein metodikk og eit forståelig fagspråk for å presentera utgreiingsresultata for dei føresette, og å førebu dei føresette heilt ifrå starten av på tydinga av å delta i ansvarsgruppe.

Sistnemnte erfaringar tyder på at spørsmålet om å få til foreldredeltaking i ansvarsgrupper i barnevernet kan vera eit spørsmål om metode, og ikkje berre om kor store vanskar dei føresette har. Erfaringane frå Voss kommune kan også sjåast i lys av eit godt metodisk og målretta arbeid med dei føresette. At nesten heile utvalet av dei føresette (96%) har "blitt møtt med respekt" og "blitt høyrte" bør kunna tolkast som resultat av eit ivaretakande klima i gruppene, heller enn eit uttrykk for at dei føresette er spesielt ressurssterke eller at vanskaner er knytta til barna. Dersom ein skulle følgja denne tankerekka vidare så ville det vera interessant om ansvarsgruppene i Voss kommune også opna opp for vanskar av meir "barneverntypisk" art, og at ein kunne prøva ut foreldresamarbeid meir systematisk på dette området også.

M.a.o. så er det kanskje på tide å snu problemstillinga ifrå *kva målgrupper passar ansvarsgrupper for?* og til *korleis kan vi tilpassa ansvarsgruppearbeidet betre i forhold til dei føresette?*

Referansar

Backe-Hansen, E.: *Hjelpetjenestene og barna*, rapport frå Prosjekt oppvekstnettverk, BVU, rapportserie 1995:4.

Godeseth, M. : *Ansvarsgrupper. En metodisk innføring*, BVU, rapportserie 1992:1.

Godeseth, M.: "Arbeid med og i ansvarsgrupper - noen metodiske erfaringer og refleksjoner", i Bunkholdt, V. og Larsen, E. (red.): *Metodisk barnevernsarbeid*, Tano 1995.

Helgeland, I.M. : *En etterundersøkelse av ungdom i Buskerudprosjektet*, BVU, rapportserie 1989:1.

Lillengen, P. og Waal, H.: *Ansvarsgrupper - et virkemiddel i barnevernet*. Notat nr. 28 i Notatserien frå "Alternativ til fengsling av ungdom", U-forlaget, 1-592, 1985.

NOU 1985:3 : *Tiltak for ungdom med atferdsvansker*.

Ogden, T. og Veselka, J. : *Utvikling av tiltakskjede i Oppland fylke. Evaluering av prosjekt "Barnevern/skole"*, BVU, rapportserie 1990:3.

Sandbæk, M. : *Forebyggende barnevern*, U-forlaget 1992.

Nygren, P.: *Profesjonelt barnevern som barneomsorg*, Ad Notam Gyldendal 1995.

VEDLEGG

Vedlegg nr. 1: Retningsliner for oppretting av ansvarsgrupper

Vedlegg nr. 2: Spørjeskjema

Vedlegg nr. 3: Tabellar

VOSS KOMMUNE

RETNINGSLINER FOR OPPRETNING AV ANSVARSGRUPPE FOR BORN MED FUNKSJONSHEMMING

1.0 FORMÅL

1.1 Ansvarsgruppa skal sikra eit tverrfagleg samarbeid og langsiktig planleggjing for det einskilde born.

2.0 ANSVARSOMRÅDE

2.1 Ansvarsgruppa skal ha oversikt over;

- barnet sin totalsituasjon
- kortsiktig/langsiktig planleggjing

2.2 Ansvarsgruppa skal:

- vera føresette si støtte
- avdekka ressursbehov
- koma med framlegg om tiltak og syta for at naudsynte søknader vert sendt til rette etat.

2.3 Formulera målsettjing for tiltaka.

2.4 Evaluera tiltaka.

2.5 Fordela arbeidsoppgåver.

3.0 OPPRETNING AV ANSVARSGRUPPE

3.1 Dersom ein offentleg etat gjennom kontakt med barnet og/eller deira føresette meiner at det kan vera tenleg å etablera ansvarsgruppe, er det denne etaten sitt ansvar å innkalla til fyrste møte.

3.2 Dei føresette skal vera informerte om sin rett til å vera med i ansvarsgruppe.

Dersom føresette avstår frå å vera med i ansvarsgruppe, skal dei likevel få skriftleg informasjon om møtetidspunkt, sakliste og om kven som skal vera til stades.

3.3 Til fyrste møte skal fylgjande få tilsendt innkalling:

- føresette
- PPT, v/leiar
- skulestyrekontoret
- helse- og sosialkontor, v/leiar for helseavdeling
- helse- og sosialkontor, v/leiar for sosialavdeling

- 3.4 Etatane vel sjølv sin representant til møte. Medlemer i ansvarsgruppa skal vera dei som har direkte kontakt med barnet/familien. Andre vert innkalla om særskilde saker skal drøftast.
- 3.5 Innhald i fyrste møte:
- orientering om barnet
 - med utgangspunkt i problemstilling, vert det bestemt om ansvarsgruppe skal opprettast og korleis ho skal samansettast.
 - det vert fastsett kven som skal ha koordineringsansvar.
- Dette vert vurdert 1 gong kvart år.
- 4.0 ARBEIDSFORM
- 4.1 Til vanleg 2 møte pr. år.
- 4.2 Koordinator skal syta for at det til kvart møte vert innhenta naudsynt informasjon og rapportar.
- Koordinator innhentar i samband med dette opplysningar frå føresette.
- 4.3 Skriftlege referat frå møte vert sendt til alle deltakarane i gruppa. Dersom føresette ikkje møter, skal dei likevel ha referat. I referatet skal evt. endringar av gruppa si samansetjing koma fram.
- 4.4 Dersom ein eller fleire av deltakarane i ansvarsgruppa ynskjer hyppigare møte, tek dei kontakt med koordinator som innkallar til møte.
- 4.5 PPT lager pr. 1/9 kvart år ein oversikt over alle ansvarsgrupper med namn på klient, medlemer og koordinator i gruppa. Denne vert sendt til alle aktuelle etatar.
- 5.0 OPPLØYSING AV ANSVARSGRUPPE
- 5.1 Ansvarsgruppa skal til ein kvar tid evaluera eigen funksjon. Minst kvart 3. år skal gruppa vurdera om den skal fortsetja.
- 5.2 Dersom gruppa finn det tenleg å verta oppløyst, må ho:
- klargjera vidare ansvar og oppfylgjing.
 - informera om kvar føresette/ungdom kan venda seg for vidare hjelp.
 - alle aktuelle etatar skal ha melding om oppløysing av ei ansvarsgruppe.

ANSVARSGRUPPER - SPØRJESKJEMA

A. Om ansvarsgruppa

1. Fødselsåret til barnet: _____

2. Hugsar du/de ca. kor mange møte det har vore i ansvarsgruppa ?

- 0 - 1
 2 - 4
 5 - 7
 8 - 10

3. Har du/de som føresette delteke i møta i ansvarsgruppa ?

- ja, alltid
 som oftast
 av og til
 sjeldan
 aldri

4. Er ansvarsgruppa framleis i drift ?

ja nei viss nei, når avslutta: _____

Viss nei, kvifor avslutta ?

- ikkje behov lenger
 flytting
 barnets alder
 anna kva:.....
 veit ikkje

5. Kven tok initiativet til at ansvarsgruppa vart oppretta ? (fleire kryss mogeleg)

- PPT
 Skulekontor
 Barnehage/skule
 Barneverntenesta
 Helsestasjonen
 Sosialtenesta
 Føresette
 Andre kven:.....
 Veit ikkje

6. **Kva meiner du/de var dei viktigaste grunnane til at ansvarsgruppa vart oppretta ?**

- | | | |
|---|-------|---|
| Deling av ansvar | _____ | (Sett "1" for viktigaste grunn,
"2" for nestviktigaste grunn
osv..) |
| Koordinering av tiltak | _____ | |
| Sikra langsiktig planlegging for barnet | _____ | |
| Avdekking av ressursbehov | _____ | |
| Føreslå hjelpetiltak til barnet | _____ | |
| Anna, kva..... | _____ | |
| Veit ikkje | _____ | |

7. **Kva vanskar hadde barnet ? (fleire kryss mogeleg)**

- | | |
|---------------------------------|--------------------------|
| Medisinske/fysiske vanskar | <input type="checkbox"/> |
| Psykiske/kjenslemessige vanskar | <input type="checkbox"/> |
| Åtferdsvanskar | <input type="checkbox"/> |
| Lærevanskar | <input type="checkbox"/> |
| Funksjonshemming | <input type="checkbox"/> |
| Anna, kva | <input type="checkbox"/> |

8. **Kva etatar har delteke på møta i ansvarsgruppa ? (fleire kryss mogeleg)**

- | | | | | |
|------------------|--------------------------|----------------|--------------------------|------------|
| PPT | <input type="checkbox"/> | Helsestasjonen | <input type="checkbox"/> | |
| Skulekontor | <input type="checkbox"/> | Sosialtenesta | <input type="checkbox"/> | |
| Barnehage/skule | <input type="checkbox"/> | Andre | <input type="checkbox"/> | kven:..... |
| Barneverntenesta | <input type="checkbox"/> | Veit ikkje | <input type="checkbox"/> | |

9. **Frå kva etat kjem koordinator i ansvarsgruppa ?**

- | | | | | |
|------------------|--------------------------|----------------|--------------------------|------------|
| PPT | <input type="checkbox"/> | Helsestasjonen | <input type="checkbox"/> | |
| Skulekontor | <input type="checkbox"/> | Sosialtenesta | <input type="checkbox"/> | |
| Barnehage/skule | <input type="checkbox"/> | Andre | <input type="checkbox"/> | kven:..... |
| Barneverntenesta | <input type="checkbox"/> | Veit ikkje | <input type="checkbox"/> | |

10. **Er talet på deltakarar i ansvarsgruppa etter di meining høveleg stort ?**

- ja nei, for stort nei, for lite

11. Kor viktig meiner du/de dei ulike etatane si deltaking i ansvarsgruppa har vore ?

	svært viktig	viktig	lite viktig
PPT	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skulekontor	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Barnehage/skule	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Barneverntenesta	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Helsestasjonen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sosialtenesta	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre, kven.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Veit ikkje	<input type="checkbox"/>		

12. Kva etat har vore di/dykkar viktigaste støtte i ansvarsgruppa ?

PPT	<input type="checkbox"/>
Skulekontor	<input type="checkbox"/>
Barnehage/skule	<input type="checkbox"/>
Barneverntenesta	<input type="checkbox"/>
Helsestasjonen	<input type="checkbox"/>
Sosialtenesta	<input type="checkbox"/>
Andre, kven.....	<input type="checkbox"/>
Veit ikkje	<input type="checkbox"/>

13. Har det vore utskifting av personar frå dei ulike etatane ? (fleire kryss mogeleg)

	nei	ja	tal gonger
PPT	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skulekontor	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Barnehage/skule	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Barneverntenesta	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Helsestasjonen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sosialtenesta	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre, kven.....		<input type="checkbox"/>
Veit ikkje	<input type="checkbox"/>		

Viss ja, har dette verka hemmande på arbeidet i ansvarsgruppa ?

- ja, i stor grad
- ja, i nokon grad
- nei, i liten grad

Evt. kommentarar:

.....

.....

.....

B. Om behov og tiltak

14. Har/hadde barnet dykkar/de som føresette behov for nokre av følgjande tiltak ?
(fleire kryss mogeleg)

	ja	nei
Behandling	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Spesialpedagogiske tiltak (i barnehage/skole)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Utgreiing hos spesialistinstans	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Støttekontakt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Besøksheim/avlastning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre tilbod i heimemiljøet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Økonomisk støtte	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Råd og rettleiing i høve til barnet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Informasjon om hjelpeapparatets tilbod	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna, kva.....		

15. Har barnet dykkar/de som føresette fått nokre av dei nemnde tiltaka ?
(fleire kryss mogeleg)

	ja	delvis	skal få	nei
Behandling	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Spesialpedagogiske tiltak (i barnehage/skole)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Utgreiing hos spesialistinstans	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Støttekontakt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Besøksheim/avlastning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre tilbod i heimemiljøet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Økonomisk støtte	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Råd og rettleiing i høve til barnet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Informasjon om hjelpeapparatets tilbod	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna, kva.....				

16. Er du/de fornøgd(e) med dei tiltaka som er sett iverk ved hjelp av ansvarsgruppa ?
(fleire kryss mogeleg)

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
Behandling	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Spesialpedagogiske tiltak (i barnehage/skole)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Utgreiing hos spesialistinstans	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Støttekontakt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Besøksheim/avlastning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre tilbod i heimemiljøet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Økonomisk støtte	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Råd og rettleiing i høve til barnet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Informasjon om hjelpeapparatets tilbod	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna, kva.....			

C. Om dei føresette sine opplevingar og vurderingar av ansvarsgruppa

17. Dei føresette sin innverknad i ansvarsgruppa :

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
I kva grad har dykkar synspunkt blitt høyrde ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har du/de hatt innverknad på saklista i møta ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har du/de hatt innverknad på dei avgjerdsler som er fatta i ansvarsgruppa ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har du/de fått nødvendig informasjon frå etatane ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

18. Dei føresette sine opplevingar som deltakar(ar) i ansvarsgruppa :

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
I kva grad kjenner du/de at gruppa har vore til for dykkar barn ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad opplever du/de å bli møtt med respekt ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har du/de som føresette kjent dykk ivaretekne i gruppa ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har gruppa vore eit drøftingsforum for fagfolka?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

19. Dei føresette sine vurderingar av arbeidet i ansvarsgruppa :

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
I kva grad vurderer du/de møteleiinga som målretta og tydeleg ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har ansvarsdelinga mellom etatane fungert tilfredsstillande ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
I kva grad har koordinering av tiltaka fungert tilfredsstillande?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har ansvarsgruppa sikra langsiktig planlegging for barnet ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har ansvarsgruppa medverka til å framskaffa nødvendige tiltak for barnet ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

D. Om nytteverdien av ansvarsgruppa

20. Har ansvarsgruppa vore til hjelp for dykk som føresette ?

ja, i stor grad

i nokon grad

nei, i liten grad

Kommentar:.....
.....
.....
.....
.....

21. Korleis vurderer du/de barnet sine vanskar idag i høve til ved oppstart av gruppa?

	betre	uendra	dårlegare
Medisinske/fysiske vanskar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Psykiske/kjenslemessige vanskar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Åtferdsvanskar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærevanskar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Funksjonshemming	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna, kva	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

22. Korleis er situasjonen for dykk som føresette idag, m.o.p. å meistra barnet sine vanskar?

ingen endring

betre enn før

dårlegare enn før

Kommentar:.....
.....

23. Vil du/de som føresette rå andre foreldre i ein liknande situasjon til å nytta seg av ansvarsgruppe ?

ja, absolutt

kanskje

tvilsamt

nei

24. Kva råd har du/de til hjelpetenestene for å gjera ansvarsgruppene betre istand til å imøtekoma barnet og dei føresette sine behov ?

.....
.....
.....
.....
.....
.....

VEDLEGG 3: Tabellar

Tabell nr. 1 (spm. 1) Barnas alder i dag og ved oppstart av ansvarsgruppa

Alder (n=23)	Ved oppstart	I dag
< 4 år	4	0
4-6 år	9	2
7-9 år	3	9
10-12 år	3	5
13-15 år	3	2
16-18 år	1	5

Tabell nr. 2 (spm.2) Kor mange møte har det vore i ansvarsgruppene ?

Tal møte i gruppene (n=23)	tal grupper
0 - 1	0
2 - 4	7
5 - 7	6
8 - 10	9
10 >	1

Tabell nr. 3 (spm. 5) Kven tok initiativ til å starta gruppa ? (fleire kryss)

ETAT (n=23)	tal initiativ	(ilag m/føresette)
PPT	14	(3)
Skulekontor	3	(1)
Barnehage/skule	3	
Barneverntenesta	1	(1)
Helsestasjonen	8	(4)
Sosialtenesta	1	
Føresette	7	(føresette åleine:1)

Tabell nr. 4 (spm. 6) Kva var dei viktigaste grunnane til at ansvarsgruppa vart oppretta?

Grunnar til oppretting (n=23)	rangering	sumskåre
Sikra langsiktig planlegging	1	79
Koordinering av tiltak	2	68
Føreslå hjelpetiltak	3	55
Avdekking av ressursbehov	4	50
Deling av ansvar	5	44
Anna	6	3

Tabell nr. 5 (spm. 7) Kva vanskar hadde barnet ?

Vanskar hos barnet (n=23)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	11
Psykiske/kjenslemessige vanskar	9
Åtferdsvanskar	9
Lærevanskar	13
Funksjonshemming	9
Anna	1

Tabell nr. 5b (Sp.m.7): Korrelasjonar mellom ulike typar vanskar

Vanskar hos barnet	1.	2.	3.	4.	5.
1. Medisinske/fysiske vanskar	-				
2. Psykiske/emosjonelle problem	-,41	-			
3. Åtferdsvanskar	-,41	-,63*	-		
4. Lærevanskar	-,13	-,19	-,16	-	
5. Funksjonshemming	-,12	-,46	-,64*	-,19	-

(* p= ,001)

Tabell nr. 6 (spm. 7) Kor mange vanskar hadde barna ?

Tal vanskar (n=23)	tal barn
1 vanske	3
2 vanskar	12
3 vanskar	7
4 vanskar	1

Tabell nr. 7 (spm. 7) Der PPT tok initiativ til at ansvarsgruppa vart oppretta, hadde barna desse vanskane :

Vanskar hos barnet (n=14)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	7
Psykiske/kjenslemessige vanskar	6
Åtferdsvanskar	6
Lærevanskar	8
Funksjonshemming	5
Anna	1

Tabell nr. 8 (spm. 7) Der Helsestasjonen tok initiativ til at ansvarsgruppa vart oppretta, hadde barna desse vanskane :

Vanskar hos barnet (n=8)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	5
Psykiske/kjenslemessige vanskar	4
Åtferdsvanskar	4
Lærevanskar	4
Funksjonshemming	2
Anna	0

Tabell nr. 9 (spm. 7) Der foreldra tok initiativ til at ansvarsgruppa vart oppretta, hadde barna desse vanskanene :

Vanskar hos barnet (n=8)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	3
Psykiske/kjenslemessige vanskar	4
Åtferdsvanskar	6
Lærevanskar	4
Funksjonshemming	1
Anna	0

Tabell nr. 10 (spm. 7) Der barnevernet er med i ansvarsgruppa , hadde barna desse vanskanene:

Vanskar hos barnet (n=6)	Tal
Medisinske/fysiske vanskar	2
Psykiske/kjenslemessige vanskar	5
Åtferdsvanskar	3
Lærevanskar	0
Funksjonshemming	1
Anna	1

Tabell nr. 11 (spm. 8) Kva etatar har delteke på ansvarsgruppemøtene ? (fleire kryss)

ETAT (n=23)	tal grupper
PPT	22
Skulekontor	21
Barnehage/skule	22
Barneverntenesta	6
Helsestasjonen	22
Sosialtenesta	14
Andre	8

Tabell nr. 12 (spm. 9) Frå kva etat kjem koordinator i ansvarsgruppene ?

ETAT (n=23)	tal grupper
PPT	12
Skulekontor	0
Barnehage/skule	2
Barneverntenesta	0
Helsestasjonen	5
Sosialtenesta	1
Andre	2

Tabell nr. 13a (spm. 11) Kor viktig har dei ulike etatane si deltaking i ansvarsgruppene vore?

ETAT	svært viktig	viktig	lite viktig
PPT (n=22)	17	5	0
Skulekontor(n=21)	14	7	0
Barnehage/skule(n=22)	21	1	0
Barneverntenesta(n=6)	4	2	0
Helsestasjonen(n=22)	9	10	2
Sosialtenesta(n=14)	7	3	0
Andre(n=8)	4	1	0

Tabell nr. 13b (spm. 11) Samanlikning mellom dei ulike etatane:

ETAT	Gjennomsnittsskåre
Barnehage/skule	2,90
Andre	2,80
PPT	2,77
Barnevern	2,71
Sosialteneste	2,70
Skulekontor	2,64
Helsestasjon	2,33

Tabell nr. 14 (spm. 12) Kva etat har vore dykkar viktigaste støttespelar i ansvarsgruppa ?

ETAT	tal (%)
PPT (n=22)	11 (50 %)
Skulekontor(n=21)	1 (5 %)
Barnehage/skule(n=22)	7 (32 %)
Barneverntenesta(n=6)	4 (67 %)
Helsestasjonen(n=22)	4 (18 %)
Sosialtenesta(n=14)	3 (21 %)
Andre(n=8)	2 (25 %)

Tabell nr. 15 (spm. 13) Utsifting av personar frå dei ulike etatane:

ETAT	Tal grupper (tal pers)
PPT (n=22)	15 (25 pers.)
Skulekontor(n=21)	12 (14 pers.)
Barnehage/skule(n=22)	9 (16 pers.)
Barneverntenesta(n=6)	2 (2 pers.)
Helsestasjonen(n=22)	5 (6 pers.)
Sosialtenesta(n=14)	6 (12 pers.)
Andre(n=8)	2 (2 pers.)

Tabell nr. 16 (spm. 14 og 15) Dei føresette sine vurderingar av behov for tiltak samanlikna med tildeling av tiltak

Type tiltak	Behov for tiltak	fått tiltak (heilt/delvis)
Behandling	11	13
Spesialped. tiltak	18	21
Utgreiing spesialist	15	16
Støttekontakt	13	12
Besøksheim/avlastn.	12	9
Andre tilbod heime	8	5
Økonomisk støtte	10	9
Råd, rettleiing	17	13
Info om hjelpeapp.	14	8

Tabell nr. 17a (spm. 16) I kva grad er dei føresette fornøgde med dei tildelte tiltaka ?

Type tiltak	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
Behandling(n=13)	6	5	1
Spesialped. tiltak(n=21)	13	6	1
Utgreiing spesialist(n=16)	7	6	2
Støttekontakt(n=12)	5	4	3
Besøksheim/avlastn(n=9)	7	1	1
Andre tilbod heime(n=5)	1	3	1
Økonomisk støtte(n=9)	5	2	1
Råd, rettleiing(n=13)	3	10	
Info om hjelpeapp.(n=8)	3	5	

Tabell nr. 17b (spm. 16) I kva grad er dei føresette fornøgde med dei tildelte tiltaka ?
(Rangert etter kva tiltak foreldra samla sett er best nøgde med)

Type tiltak	Gjennomsnittsskåre
Spesialped. tiltak	2,60
Avlastning	2,67
Utgreiing hos spesialist	2,33
Støttekontakt	2,17
Behandling	2,42
Råpd og rettleiing vedr. barnet	2,23
Økonomisk støtte	2,50
Info. om hjelpeapparatet/tilbod	2,38
Andre tilbod i heimemiljøet	2,00

Tabell nr. 18a (spm. 17) I kva grad opplever dei føresette å ha innverknad i ansvarsgruppa?

Område for innverknad (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Synspunkt blitt høyrde	18	3	1
Innverknad saksliste	10	11	1
Innverknad avgjerdsler	14	5	3
Fått nødvendig informasjon	12	7	3

Tabell nr. 18b (spm.17) Samanlikning av dei ulike områda for innverknad:

Område for innverknad	Gjennomsnittsskåre
Synspunkt høyrde	2,77
Innverknad avgjerdsler	2,50
Fått nødvendig informasjon	2,41
Innverknad saksliste	2,41

Tabell nr. 19a (spm. 18) Dei føresette sine opplevingar som deltakarar i ansvarsgruppa:

Tema for opplevingar (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Gruppa vore for vårt barn	17	4	1
Møtt med respekt	22		1
Kjent dykk ivaretekne	16	4	2

Tabell nr. 19b (spm. 18) Samanlikning av tema for opplevingar:

Tema for opplevingar	Gjennomsnittsskåre
Møtt med respekt	2,91
Gruppa vore for vårt barn	2,73
Ivareteken i gruppa	2,64

Tabell nr. 20a (spm. 19) Dei føresette sine vurderingar av arbeidet i ansvarsgruppa:

Vurderingstema (n=23)	i stor grad	nokon grad	i liten grad
Målretta møteleiing	19	3	1
Tilfredsstillande ansv.deling	13	8	2
Tilfredsstillande koordinering	14	7	1
Sikra langsiktig planlegging	10	9	4
Framskaffa nødvendige tiltak	9	10	2

Tabell nr. 20b (spm. 19) Samanlikning av vurderingstema:

Vurderingstema	Gjennomsnittsskåre
Målretta møteleiing	2,78
Tilfredsstillande koordinering	2,59
Tilfredsstillande ansvarsdeling	2,48
Framskaffa nødvendige tiltak	2,33
Sikra langsiktig planlegging	2,26

Tabell 20c (spm.19) Samanlikning av ulike vurderingstema slik dei føresette ser det:

Vurderingstema	I stor grad fornøgd
Opplevingar som deltakarar	81,9 %
Innverknad i ansvarsgruppa	61,4 %
Vurdering av arbeidet i gruppa	57,8 %

Tabell nr. 21 (spm. 20) Har ansvarsgruppa vore til hjelp for dykk som føresette ?

Ja, i stor grad	16
I nokon grad	5
I liten grad	2

Tabell nr. 22a (spm. 21) Dei føresette si vurdering av barnet sine vanskar idag ihøve til ved oppstart av gruppa ?

Vanskar	Betre	Uendra	Dårlegare
Medisinsk/fysisk (n=11)	6	2	1
Psykisk/kjenslem. (n=9)	5	3	1
Åtferdsvanskar (n=9)	5	3	1
Lærevanskar (n=13)	8	5	
Funksjonshemma (n=9)	3	2	1

Tabell 22b (spm. 21) Kva type vanske har hatt størst betring?

Type vanske	Gjennomsnittsskåre
Lærevanskar	2,61
Åtferdsvanskar	2,44
Psykisk/kjenslemessig vanskar	2,44
Medisinske/fysiske vanskar	2,09
Funksjonshemming	1,55

Tabell nr. 23 (spm.22) Korleis er situasjonen for dykk som føresette idag, m.o.p. å meistra barnet sine vanskar ?

Betre enn før	14
Ingen endring	7
Dårlegare enn før	0

Tabell nr. 24 (spm. 23) Vil du rå andre føresette til å nytta seg av ansvarsgrupper i ein liknande situasjon ?

Ja, absolutt	21
Kanskje	1
Tvilsamt	1